



Skuleåret så langt

Vi er framleis prega av Covid-19 pandemien og kan endå ikkje drive skule på ein «normal» måte der vi fritt kan vere saman med kvarandre i skulekvardagen, invitere inn føresette og andre kontaktar både nært og fjernt. Vi ser ei lysing i det fjerne og vil på nytt ha arrangement så snart vi berre får lov ☺

Elevtalet vårt no er 55 flittige elevar. Vi håpar dei fleste som går på 7. trinn vel å starte på ungdomsskulen her til hausten, og har allereie hatt eit møte for føresette på 5. - 7. trinn med litt informasjon om korleis vi ser for oss ungdomstrinnet neste år og åra som kjem.

Den naturlige skulesekken

Hovud fokuset denne våren, i tillegg til dei faglege måla, er å lære om kortreist mat. Der vi tenkjer berekraft i forhold til transport, folkehelse og arbeid. Vi er med i eit prosjekt kalla «Den Naturlege skulesekken». Her vil vi jobbe tverrfagleg innan naturfag, samfunnsfag, norsk, matematikk, økonomi og framandspråk.

Vi skal lære om jordbruk i forskjellige land, kor stor del av landet sin økonomi dette utgjør, korleis andre land jobbar mot berekraftsmål mm. Vi knyt problemstillinga til miljøsituasjonen, ikkje berre i vårt lokalsamfunn, men også med tanke på dei globale utfordringane vi står ovanfor. Elevane skal analysere, vurder, argumentere og tenke kritisk om problematikken knyta til langreist og kortreist mat.

Elevane på ungdomsskulen skal lære å sette opp budsjett til elevbedrifta si og kan difor bruke vårt prosjekt som knyt seg til verkelegheita.

Vi vil fordjupe oss i omgrepet "berekraft". Som Montessoriskule sett vi stor fokus på praktiske oppgåver og arbeid med hender samt korleis ta vare på for eksempel planter.

Dette prosjektet er ein del av ei større satsing på skulen vår, med tanke på drivhuset og området rundt. Skulen ønsker å involvere nærmiljøet, føresette og gardbrukarar til å råd og hjelp med t.d. plante frukttrær, bærbusker, lage åkrar og bie-gate.



Vi ønsker alle ei super Påske!

I fire veker skal 1. - 3. trinn jobbe med fire ulike tema. Berekraftig utvikling, drivhus og så frø, fotosyntese og vatnet sitt krinslaup. Vi er med i «Den naturlege skolesekken - Utdanning for berekraftig utvikling i praksis» og vinklar tema opp mot dette.

På den første gruppa lærer dei om FN sine 8 viktigaste berekraftsmål, ser film om måla, skriv kva dei kan gjere sjølv for å betre miljøet og teiknar ein insekt- og dyrevennleg hage.



På den andre gruppa er grønsaker, spiring av frø og planting i drivhus i fokus. Dei ser på film frå «Det grønne skafferiet» for læring og inspirasjon og sår gulrot, tomatar, kål purre og mykje meir. Dei lærer også å sette stiklingar frå blant anna physalis.



På den tredje gruppa lærer dei om vatnet sitt krinslaup, dei ser film og skriv, teiknar og fargar. Dei har eit eksperiment for å sjå kva som verkeleg skjer, til det treng dei blant anna isbitar



På den siste gruppa lærer elevane om den viktige prosessen i fotosyntesen. Dei snakkar om, og ser film om korleis tre og blomster livnærer seg og er ein viktig faktor for naturen.



Tverrfagleg arbeid på Mellomtrinnet.

Maria Montessori skreiv i sine bøker at naturen er det beste klasserommet for barna. Allereie for 100 år sidan var ho den som ville vise fram kor viktig er det å syne at alt i verda er knyta saman: det finst matematikk og musikk i naturfag og det finst språk i kroppsøving. Maten på bordet kjem frå naturen.

Hovudtema på mellomtrinnet er «Plantar». Denne dagen på uteskule arbeidde elevane med forskjellige fag med plantar i fokus.



Norsk og kroppsøving, 2 i 1! Kvifor ikkje!

Elevane arbeidar med bøying av verb. Dei trekk eit kort med verbform, døme SPIRER, dei spring mot plansjar og finn ein riktig plante for si verb-form. Elevane bruker både kroppen og trener koordinasjon og balanse samtidig som dei øver på norsk grammatikk. Alle verba handlar i tillegg om plantar, som vert sådd, spirer, gror, pollinere og så vidare.

Musikk.

Musikk er overalt, også i naturen. Du kan finne ting å slå på med pinnar, og vipps så har du eit trommesett. Du kan ta eit strå mellom tomlane og blåse, så har du ei fløyte. Plutseleg hadde vi laga ein fantastisk naturjoik. Moglegheitene er mange, berre bruk fantasien!



Matlaging.

Det er veldig viktig å vite korleis ein oppfører seg i naturen med tanke på bål. Her handlar det om å respektere naturen - vår store heim! Kva passar betre til tema vårt enn å lage mat på bålet med masse grønnsaker i?! All mat smaker betre ute, inklusiv nydeleg røyk-aromaNam!



Matematikk.

Har de høyrte om π ? Det har våre elevar gjort! Kor spennande er det å finne ut storleiken på trestammen? «Er det mogleg», «Går det an!» seier dei når dei sjølv oppdagar at forhold mellom omkrinsen og diameter er omtrent same frå stamme til stamme. I tillegg lærer dei forskjellige måtar å måle på som med måleband eller sløyfe og linjal.

Eit innhaldsrikt skuleår for 7.-9. trinn på Hildre Montessoriskule

Vi nærmar oss innspurten på eit annleis skuleår. På ungdomsskulen har vi prøvd å drive skule innanfor rammene som smittevern set for oss. Dette har blant anna inspirert elevane i faget arbeid fordjuping til å lage egne munnbind.



Skulen har i år samarbeidd med velgjerdsorganisasjonen Juvente. Gjennom dette samarbeidet har elevane fått prøve å drive sin eigen organisasjon og alt det medfører. Dei har blant anna fått øving i å føre rekneskap, lage budsjett, arrangere aktivitetar og gjennomføre styremøte.

Eit godt læringsmiljø krev eit trygt og godt sosialt miljø. Både skulen og elevane har difor arrangert mange sosiale aktivitetar i løpet av skuleåret, som blant anna karneval, skuleball, kino, bowling, aktivitetsskveldar og mykje anna.



Skuleåret har også vore annleis fordi 7. trinn har gått saman med ungdomsskulen. Dette har gjort at både vaksne og elevar har brukt året på å bygge bruer både fagleg og sosialt. Desse metaforiske bruene var heilt sikkert i tankane til elevane, då dei tidlegare i år konstruerte sine egne bruer i faget arbeid.



Etter kvart som elevane har vorte vande med å drive ein organisasjon, har dei også starta med kantinedrift. Dei er med på å bestemme kva som skal kjøpast inn, står for sal og oppføring av sal, og tek i tillegg i mot betaling i slutten av veka.

Faga arbeid og mat og helse har inngått eit tverrfagleg samarbeid gjennom skuleåret, der elevane roterer på å lage varmmat til gruppa kvar onsdag. Dette har skapt mange varierte onsdagar med næringsrike lunsjar.

Vi går kanskje nokre fleire timar på skulen i løpet av ei skuleveke, men vi er nøgde med all den varierte aktiviteten elevane får vere med på i tillegg til alt det vanlege skulearbeidet.